



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE 8. MARS 2008, SKEI – KL. 11.00

Referat:

Til stades:

Kretsstyret: Niels Larsen (vissekretsleiar), Wenche Selland ,
Inge Byrkjeland, Eirik Ulltang Birkeland, Anne Mabel
Nybakk (vara)

Gruppene: Daniel Nedrelid (Florø), Petter Stenstadvold
(Systrond 1), Ingolf Fardal (Kaupanger), Harald
Fimreite (Kaupanger), Rebecca Ludvigsen
(Kaupanger), Mats Brunsvik (Måløy), Jonas Brunsvik
(Måløy).

Andre: Arve Nybakk (kasserar)

1. Godkjenning av innkalling og sakliste:

Styret føreslår at denne vert godkjend.

Vedtak: *Forslaget vart vedteke.*

2. Konstituering; val av ordstyrar, referent og to til å skrive under møteprotokollen:

Styret sitt forslag:

Ordstyrar: Niels Larsen

Referent: Eirik Ulltang Birkeland

To personar til å skrive under protokollen: Rebecca Ludvigsen og
Jonas Brunsvik

Vedtak: *Forslaget vart vedteke.*

3. Godkjenning av årsmelding:

v/Wenche Selland

Styret føreslår at årsmeldinga vert godkjend.

Vedtak: *Forslaget vart vedteke med tre endringar; revisor skal vere
Roger Svarstad, Mats med «t» og omformulering på Lederløft.*

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Skulevegen 92, 6770 Nordfjordeid

Telefon: 414 80 880 | Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

4. Godkjenning av rekneskap:

v/Arve Nybakk

Styret foreslår at denne vert godkjend.

Vedtak: *Forslaget vart vedteke. Det var ein merknad om at rekneskapen for kretsarrangement må rekneskapsførast for det året arrangementet vert halde.*

5. Innkomne saker:

⌘ Deltakaravgift og køyregodtgjersle på arrangementa våre

v/Inge Byrkjeland

1. Styret foreslår at gruppene på kretsarrangement betalar kr. 100,- per person for å ligge inne.

Motforslag frå Daniel Nedrelid, Florø: På kretsarrangement betalar dei som vil ligge inne den faktiske kostnaden.

2. Styret foreslår at vi aukar deltakaravgifta på kretsarrangementa til kr. 300,- (pluss ev. kr. 100,- for hytte).

Motforslag frå Kaupanger speidargruppe: Avgifta på kretsarrangement vert sett til kr. 200,- både for speidarar, roverar og leiarar. Reisefordelinga vert rekna ut frå same grunnlag.

3. Styret foreslår at vi held køyregodtgjersla på kr. 2,50 per kilometer.

Vedtak: *1. Motforslaget frå Daniel Nedrelid vart vedteke.
2. Motforslaget frå Kaupanger speidargruppe vart vedteke.
3. Styret sitt forslag vart vedteke.*

⌘ Premiering på KBK

v/Eirik Ulltang Birkeland

Styret foreslår at vi gjev pengestøtte til opptil tre patruljar for deltaking på NM i speiding. Takstane er slik:

1. plass – kr. 5 000,-

2. plass – kr. 3 000,-

3. plass – kr. 1 000,-

Motforslag frå Petter Stenstadvold, Systromd: Vi gjev reise- og deltakarstøtte støtte til NM i speiding til dei to best kvalifiserte patruljane frå KBK med høvesvis kr. 5 000,- og 4 000,- . Dette gjeld frå og med 2010.

Vedtak: *Motforslaget frå Petter Stenstadvold vart vedteke.*

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Skulevegen 92, 6770 Nordfjordeid

Telefon: 57 86 08 30 | E-post: krisosjak@tele2.no

⌘ Nytt kretsmerke

v/Niels Larsen

Styret føreslår at vi set i gang ein prosess for å få laga eit forslag til nytt kretsmerke. Dette skal leggjast fram på neste årsmøte for vedtak eller avslag.

Vedtak: *Styret sitt forslag vart vedteke med éi stemme mot.*

⌘ Eitt kretsting årleg frå og med 2009

v/Inge Byrkjeland

Styret føreslår at vi minkar talet på kretsting til eitt i året. Dermed vert det ikkje haustting frå og med 2009.

Vedtak: *Styret sitt forslag vart vedteke.*

⌘ Evaluering av kretsen si heimeside

v/Eirik Ulltang Birkeland

Har gruppene framlegg til korleis heimesida kan verte betre?

Kommentarar: *Kan ein få til ei teneste for å få informasjon på e-post? Kvifor er domenet sfj.scout.no i staden for sfj.speiding.no? Eirik undersøker.*

⌘ Medlemsregister

v/Eirik Ulltang Birkeland

Eirik viser nokre av funksjonane i det nye medlemsregisteret etter at årsmøtet er avslutta.

⌘ Felles arbeidsmøte med KFUK/KFUM i forbindelse med KBK?

Saka vert trekt frå årsmøtet sidan dette er ei sak for styret.

⌘ Utopia; ambassaden – hva skal den inneholde?

v/Wenche Selland

Wenche orienterte om ambassaden på landsleiren. Dersom gruppene har framlegg til aktivitetar, kan dei sende dette til Wenche.

6. Val ved Årdal speidargruppe

Valkomitéen sitt framlegg:

Kretsleiar	Niels Larsen, Årdal	2 år
Visekretsleiar	Wenche Selland, Naustdal	1 år
Styremedlem	Anne Mabel Nybakk, Måløy	1 år
Styremedlem	Mats Brunsvik, Måløy	2 år
Varamedlem	Johan Birkeland, Førde	1 år
Varamedlem	Daniel Nedrelid, Florø FA	1 år

Vedtak: *Valkomitéen sitt framlegg vart vedteke.*

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Skulevegen 92, 6770 Nordfjordeid

Telefon: 414 80 880 | Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Eirik Ulltang Birkeland
referent

Rebecca Ludvigsen

Jonas Brunsvik

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Postadresse: Skulevegen 92, 6770 Nordfjordeid
Telefon: 57 86 08 30 | E-post: krisosjak@tele2.no

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).